

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 184/2020

av 11. desember 2020

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/993 av 9. juli 2020 om godkjenning av eit preparat av endo-1,4-beta-xylanase (EC 3.2.1.8) framstilt av *Trichoderma reesei* (BCCM/MUCL 49755) som tilsetjingsstoff i fôrvarer til alle fuglearter meinte for slakt bortsett frå slaktekyllingar, prydfuglar, alle avvande svinearter bortsett frå avvande smågrisar og alle svinearter meinte for slakt bortsett frå slaktesvin (innehavar av godkjenninga: Berg und Schmidt GmbH Co. KG)⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/994 av 9. juli 2020 om godkjenning av monensin og nicarbazin (Monimax) som tilsetjingsstoff i fôrvarer til slaktekalkunar, slaktekyllingar og livkyllingar (innehavar av godkjenninga: Huvepharma NV)⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/995 av 9. juli 2020 om godkjenning av eit preparat av endo-1,4-beta-xylanase framstilt av *Aspergillus oryzae* (DSM 26372) som tilsetjingsstoff i fôrvarer til diegjevande purker (innehavar av godkjenninga: DSM Nutritional Products Ltd, som er representert ved DSM Nutritional products Sp. Z o.o)⁽³⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/996 av 9. juli 2020 om godkjenning av preparatet av karvakrol, tymol, D-karvon, metylsalisylat og L-mentol som eit tilsetjingsstoff i fôrvarer til slaktekyllingar, livkyllingar og mindre utbreidde fjørfeartar som vert fôra opp for eggproduksjon (innehavar av godkjenninga: Biomin GmbH)⁽⁴⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 5) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/997 av 9. juli 2020 om godkjenning av flytande L-lysinbase, L-lysinulfat og teknisk reint L-lysinmonohydroklorid som tilsetjingsstoff i fôrvarer til alle dyreartar⁽⁵⁾ skal takast inn i EØS-avtala.

(1) TEU L 221 av 10.7.2020, s. 76.

(2) TEU L 221 av 10.7.2020, s. 79.

(3) TEU L 221 av 10.7.2020, s. 84.

(4) TEU L 221 av 10.7.2020, s. 87.

(5) TEU L 221 av 10.7.2020, s. 90.

- 6) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/998 av 9. juli 2020 om fornya godkjenning av astaxantindimetyldisuksinat som tilsetjingsstoff i fôrvarer til fisk og krepsdyr, og om oppheving av forordning (EF) nr. 393/2008⁽⁶⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 7) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1031 av 15. juli 2020 om godkjenning av benzosyre som tilsetjingsstoff i fôrvarer til slaktesvin (inneharar av godkjenninga: DSM Nutritional Products Ltd, som er representert ved DSM Nutritional Products Sp. Z o.o)⁽⁷⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 8) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1032 av 15. juli 2020 om godkjenning av preparatet av *Bacillus subtilis* DSM 28343 som tilsetjingsstoff i fôrvarer til kalvar meinte for avl og slaktesvin (inneharar av godkjenninga: Lactosan GmbH & Co. KG)⁽⁸⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 9) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1034 av 15. juli 2020 om godkjenning av eit preparat av endo-1,4-betaxylanase framstilt av *Aspergillus oryzae* (DSM 26372) som tilsetjingsstoff i fôrvarer til verpehøner (inneharar av godkjenninga: DSM Nutritional Products Ltd, som er representert ved DSM Nutritional products Sp. Z o.o)⁽⁹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 10) Gjennomføringsforordning (EU) 2020/998 opphevar kommisjonsforordning (EF) nr. 393/2008⁽¹⁰⁾, som er teken inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 11) Denne avgjerda gjeld føresegner om fôrvarer. Føresegner om fôrvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 12) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I kapittel II i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Etter nr. 322 (kommisjonsforordning (EU) 2020/354) skal nye nummer lyde:

”323. **32020 R 0993:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/993 av 9. juli 2020 om godkjenning av eit preparat av endo-1,4-betaxylanase (EC 3.2.1.8) framstilt av *Trichoderma reesei* (BCCM/MUCL 49755) som tilsetjingsstoff i fôrvarer til alle

⁽⁶⁾ TEU L 221 av 10.7.2020, s. 96.

⁽⁷⁾ TEU L 227 av 16.7.2020, s. 21.

⁽⁸⁾ TEU L 227 av 16.7.2020, s. 24.

⁽⁹⁾ TEU L 227 av 16.7.2020, s. 34.

⁽¹⁰⁾ TEU L 117 av 1.5.2008, s. 20.

fugleartar meinte for slakt bortsett frå slaktekyllingar, prydfuglar, alle avvande svineartar bortsett frå avvande smågrisar og alle svineartar meinte for slakt bortsett frå slaktesvin (innehavar av godkjenninga: Berg und Schmidt GmbH Co. KG) (EUT L 221 av 10.7.2020, s. 76).

324. **32020 R 0994:** Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2020/994 av 9. juli 2020 om godkjenning av monensin og nicarbazin (Monimax) som tilsetjingsstoff i fôrvarer til slaktekalkunar, slaktekyllingar og livkyllingar (innehavar av godkjenninga: Huvepharma NV) (EUT L 221 av 10.7.2020, s. 79).
325. **32020 R 0995:** Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2020/995 av 9. juli 2020 om godkjenning av eit preparat av endo-1,4-betaxylanase framstilt av *Aspergillus oryzae* (DSM 26372) som tilsetjingsstoff i fôrvarer til diegjevande purker (innehavar av godkjenninga: DSM Nutritional Products Ltd, som er representert ved DSM Nutritional products Sp. Z o.o) (EUT L 221 av 10.7.2020, s. 84), rettet ved EUT L 225 av 14.7.2020, s. 55.
326. **32020 R 0996:** Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2020/996 av 9. juli 2020 om godkjenning av preparatet av karvakrol, tymol, D-karvon, metylsalisylat og L-mentol som eit tilsetjingsstoff i fôrvarer til slaktekyllingar, livkyllingar og mindre utbreidde fjørfeartar som vert fôra opp for eggproduksjon (innehavar av godkjenninga: Biomin GmbH) (EUT L 221 av 10.7.2020, s. 87).
327. **32020 R 0997:** Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2020/997 av 9. juli 2020 om godkjenning av flytande L-lysinbase, L-lysinulfat og teknisk reint L-lysinmonohydroklorid som tilsetjingsstoff i fôrvarer til alle dyreartar (EUT L 221 av 10.7.2020, s. 90).
328. **32020 R 0998:** Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2020/998 av 9. juli 2020 om fornya godkjenning av astaxantindimetyldisuksinat som tilsetjingsstoff i fôrvarer til fisk og krepsdyr, og om oppheving av forordning (EF) nr. 393/2008 (EUT L 221 av 10.7.2020, s. 96).
329. **32020 R 1031:** Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1031 av 15. juli 2020 om godkjenning av benzosyre som tilsetjingsstoff i fôrvarer til slaktesvin (innehavar av godkjenninga: DSM Nutritional Products Ltd, som er representert ved DSM Nutritional Products Sp. Z o.o) (EUT L 227 av 16.7.2020, s. 21).
330. **32020 R 1032:** Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1032 av 15. juli 2020 om godkjenning av preparatet av *Bacillus subtilis* DSM 28343 som tilsetjingsstoff i fôrvarer til kalvar meinte for avl og slaktesvin (innehavar av godkjenninga: Lactosan GmbH & Co. KG) (EUT L 227 av 16.7.2020, s. 24).
331. **32020 R 1034:** Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1034 av 15. juli 2020 om godkjenning av eit preparat av endo-1,4-betaxylanase framstilt av *Aspergillus oryzae* (DSM 26372) som tilsetjingsstoff i fôrvarer til verpehøner (innehavar av godkjenninga: DSM Nutritional Products Ltd, som er representert ved DSM Nutritional products Sp. Z o.o) (EUT L 227 av 16.7.2020, s. 34).”

2. Teksta i nr. 1zzzzo (kommisjonsforordning (EF) nr. 393/2008) opphevast.

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2020/993, (EU) 2020/994, (EU) 2020/995, retta ved TEU L 225 av 14.7.2020, s. 55, (EU) 2020/996, (EU) 2020/997, (EU) 2020/998, (EU) 2020/1031, (EU) 2020/1032 og (EU) 2020/1034 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 12. desember 2020, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 11. desember 2020.

For EØS-komiteen

Sabine Monauni

Formann

(*). Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.